



Skatteetaten

Saksbehandlar
Inger Hageberg Øvrebø

Dykkar dato
17.10.2016

Vår dato
04.11.2016

Telefon
41 69 44 72

Dykkar referanse

Vår referanse
2016/1051764

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Att: Alexander Helle

Løyve til anonymiserte data - Meland kommune 1256

Vi viser til søknad sendt elektronisk den 17.10.2016. Vi viser også til telefonsamtalar i dag med Alexander Helle og Terje Villanger (koordinator i Lindås kommune).

I samband med kommunen sine planprosessar og arbeid med reguleringsplanar etc, treng kommunen opplysningar om innbyggjarane i kommunen på liste, slik:

- Fødeår og kjønn for busette pr adresse
 - Gate-/gardsnummer
 - Hus-/bruksnummer
 - Bokstav eller festenummer
 - Bustadnummer evt undernummer
 - Adressenamn

De ynskjer desse opplysningane oversendt elektronisk ein gong for året, og ber om at oversendinga skal merkast "Sektorleiar PUK".

Vi gir løyve til at de får utlevert dei omsøkte opplysningane, og at de får dette årelg.

Opplysningane vert henta frå EVRY. Tekniske og kostnadmessige spørsmål må avklarast med leverandøren. Dersom de ynskjer kontakt med leverandøren, kan de ringe 06500 eller sende epost til ajour@evry.com. Dette gjeld også nærmare avtale/opplysning om sjølve leveringa.

Ver vennleg og vis til referansen vår ved seinare korrespondanse i saka.

Med helsing

Inger Hageberg Øvrebø
seksjonssjef
Seksjon folkeregister
Skatt vest

Postadresse
Postboks 8103
4068 Stavanger
skatteetaten.no/sendepost

Besøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no
Org. nr.: 991733108

Sentralbord
800 80 000
Telefaks
51 91 73 01



Kopi til:
EVRY NORGE AS Strandvegen 2 2380 BRUMUNDDAL

Dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ikkje handskrivne signaturar